



Vestlandske  
Teatersenter



Årsmelding 2007

## Innhald

- Det leikande mennesket
- Årsfest for tala
- Fråsegn frå styret
- Resultatrekneskap
- Balanse
- Notar
- Revisjonsmelding for 2007
- Styremedlemmer
- Tilsette
- Timelærarar og frilansarar
- Aktivitetar 2007
- Teaterframsyningar 2007
- Kurs og oppdragsverksemnd 2007
- Medlemsorganisasjonar
- Vedtekter

## Det leikande mennesket

Barn leikar. Dei brukar fantasien og kreativiteten sin til å tenkje seg ei verd som er annleis enn den dei lever i til dagleg. Gjennom ei slik innleving lærer dei seg om den verda som omgir den fysiske verda, nemleg kjensler, tankar, mål, draumar og moral. Nettopp dette som barn intuitivt søker, er og teateret si kjerne.

I kvardagen si uro og mas, og i livet sine grensesprengande vendepunkt er det kanskje viktigare enn nokon gong å kunne leike og finne mening i det som ikkje er så konkret. Til vår siste dag er denne letta ein ventil mot livet sin forgjengelegdom. Akkurat her er teater sentralt. Teateret er best når det er nettopp leik. Sjølv dei alvorlegaste stykke vert skapt gjennom fantasi, gjennom å våge å kaste seg ut på djupt vatn, strekkje sine eigne grenser og saman med andre, forske – leike - seg fram til eit mål.

Dette blir eg dagleg minna på i mitt arbeid på Vestlandske Teatersenter. Her jobbar vi med barn, vaksne amatørar, og profesjonelle. Vi lagar teater med psykisk utviklingshemma, med psykisk sjuke og med seniorar – og alle andre som ønskjer hjelp med å tilretteleggje teater. Dei tilsette på VT, samt våre frilansarar, må vere åpne for stadig nye utfordringar og dei må vere mangfaldige. Framfor alt må dei vere leikne. Våge å leike, prøve og feile. Nettopp dette er Vestlandske Teatersenter sin største kapital, dei tilsette si innstilling til sin jobb. Alle er åpne for å improvisere og kaste seg ut i ting dei ikkje alltid er trygge på. Med grunnleggjande teater-kunnskap i botnen blir "learning by doing" ein spanande og utfordrande måte å jobbe på. Det er inspirerande å sjå det pågangsmotet og innsatsviljen dei tilsette legg for dagen.

2007 var VT sitt 40 års jubileum. Jubileet vart markert ved alle dei prosjekta vi gjennomførte. Spesielt var samarbeidet med friteatergruppa Proscenia om framsyninga "Visne Hender" eit flott og viktig prosjekt. Også turen til New York med "Dill og Diger" og heile teatersenteret, var ei fantastisk markering av kva Vestlandske Teatersenter er i dag. Også ved dei andre framsyningane samt ved åpninga av MINI MIDI MAXI vart jubileet omtala. 2008 er eit nytt jubileumsår for Vestlandske Teatersenter. Teaterskolen for barn og unge fyller 20 år. Det er klart at ein skal feire slike høve, men det blir mykje jubilering. Det er sjølvsagt viktig å hugse på det som har vore, men vi opplever det som sentralt å jobbe i notida og med det som ligg i framtida.

Vestlandske Teatersenter har tatt barn og teater på alvor i meir enn 20 år. Dette gir no resultat. Fleire og fleire får auge på Vestlandske Teatersenter. Stadig får vi fleire førespurnader om seriøse prosjekt. VT blir stadig meir involvert i offentleg samanheng, slik som Amatørkulturplanen, teater for/med psykisk sjuke, teater for/med psykisk utviklingshemma og seniorar – alt i samarbeid med Bergen Kommune. Desse nettverka av nye samarbeidspartnerar blir stadig fleire og gir spanande moglegheiter for VT i framtida. I spissen av dette arbeidet står MINI MIDI MAXI som eit flaggskip, som VT skal vidareutvikle i åra som kjem.

Då vi var barn var det å leike med andre barn, det mest morosame. Det same gjeld i vaksenverda, og i organisasjonssamanheng, å jobbe saman med andre og dra vekslar på kvarandre sin kunnskap og røynsle. Leike saman! Den kjende skodepelaren Helge Jordal sa nyleg til meg i samband med eit prosjekt vi jobba saman om: "Tænk, vaksne folk får holde på å tulle seg på denne måten. Ee de ikkje flott. Tenk å få ha en sånn jobb. Eg føler meg som en guttunge!" Det er godt å vere eit leikande menneske.

## Årsfest for tala

Ein gong i året kan tala ta på sin finaste festskrud og tre fram i spotlighten. Enkelte gonger kan dei grine mot oss, andre gonger bergtek dei oss med sitt vinnande smil. I 2007 smilte dei til oss.

### *Økonomi*

Vi kan slå fast at målet for 2007 om å justere ned den økonomiske satsinga i færre ressurskrevjande framsyningar blei innfridd. Derfor kan organisasjonen avslutte 2007 med å føre over eit overskot til 2008. Talet kan like fullt seie noko om dei utfordringar som ligg i å gjennomføre det vi meiner er viktige aktivitetar og prosjekt, samstundes som ein skal halde tunga beint i munnen og ikkje overskride budsjetttrammene. Tala fortel også noko om at aktiviteten er stor både innan kurs-/oppdrag og teaterframssyningar. For å kunne gjennomføre dei aktivitetane vi planlegg for året, er det interessant å lese at det Vestlandske Teatersenter hentar inn gjennom semesteravgift, kursinntekter, sponsorinntekter og prosjektmidlar er like mykje som det organisasjonen får i faste tilskot. Dette seier og noko om at det vert lagt ned mykje arbeid og ressursar i å hente inn det som krevst av økonomiske midlar til gjennomføring av dei aktivitetane som gjer oss til den viktige og framtidsretta organisasjonen vi har som mål å vere.

### *Dei tilsette*

I tillegg til dei daglege gjeremål som administrasjon, undervisning på teaterskolen, kurs- og oppdrag, instruksjon samt utvikling av nye framsyningar har Vestlandske Teatersenter etablert seg som ein viktig bidragsytar til festival-Norge. For tredje år på rad gjennomførte vi Mini Midi Maxi Teaterfestivalen for barn og unge. Frå onsdag 31.oktober til søndag 4. november kunne festivaldeltakarar og teaterpublikum boltre seg i tilbod. Av totalt 17 produksjonar var vi involvert i samtlege av dei med tanke på førebuingar, tilrettelegging for gruppene, sørge for å ta imot / sende avgarde våre gjestespelarar, innkvartering, hjelp i samband med opprigging og nedrigging på scenane og all annan nødvendig logistikk. Festivalens kunstnarlege del blei gjennomført på 3 scener, "Lille Scene" og "Småscenen" på Den Nationale Scene samt Ole Bull Scene. Dei faglege innslaga; foredrag, seminar og workshop blei gjennomført i 3 ulike lokale. Totalt 45 personar vart tatt imot, innlosjert, vist veg til scenane, sende heim att, i tillegg til service og rettleiing for festivaldeltakarene. 5 tilsette på VT gjennomførte eit maraton over 5 dagar. Det siste står ikkje i ein tabell og er difor verd å nemne. Dette seier noko viktig om samarbeid og lysta til å spikra teater for barn og unge på kulturkartet. Dette seier noko om at det vi driv med er viktig og inspirerande.

### *Det tala ikkje viser*

I januar 2008 har vi begynt å få telefonar frå fleire interesserte som ønskjer å melde barnet sitt inn på Teaterskolen. Søknadsfrist er 1. mai, oppstart er til hausten - like fullt kimar telefonane allereie. Vi mottek førespurnader når det gjeld årets teaterfestival: når blir den gjennomført, når er programmet klart og når kan ein meld a seg på.

Kvifor eg nemner dette? Fordi det seier noko om at det Vestlandske Teatersenter driv med er viktig. Det seier noko om at satsingane våre er riktige. Det seier noko om at tala ikkje syner alt. Inspirasjon, glede, interesse, fellesskap og kreativitet kan ikkje skildrast med tal, det må opplevast - og heldigvis for det!

*Frøydis Otre*  
Administrativ leiar

## Fråsegn frå styret

### Oppnådde resultat

Styret kan melde om ein gledeleg utvikling i aktivitetane for 2007. Kombinasjonen av organisasjonsmessige, kunstnarlege og undervisningsmessige aktivitet er høg og stiller store krav til dei tilsette. Vestlandske Teatersenter feira sitt 40-års jubileum i 2007 og styret ser seg godt nøgd med den variasjonen som organisasjonen i samband med jubileet viste i form av teaterproduksjonar, oppdragsverksemd og kursaktivitetar.

### Framsyningar og kurs

#### *Teaterproduksjonar*

I 2007 var det totale antal teaterproduksjonar 37, av desse var 22 reine produksjonar frå Vestlandske Teatersenter, 2 var på oppdrag frå skole med sluttresultat teaterframsyning og 13 var i samband med Teaterfestivalen Mini Midi Maxi. Vestlandske Teatersenter kan syne til ei positiv auke i alle ledd av rapporteringa når det kjem til -Teaterframsyningar 2007-: antal aktørar/deltakarar, antal framsyningar og publikumstal. I 2007 hadde Vestlandske Teatersenter eit totalt publikumstal på 18322, ei auke på i underkant av 4000 mot 2006. Dette er særskilt gledeleg.

Det var tredje året Teaterfestivalen Mini Midi Maxi vart gjennomført og det er klart at denne er ei særskilt viktig satsing òg i framtida. Festivalen står for eit tilbod både til aktørar og publikum som det er viktig å utvikle vidare i åra som kjem.

#### *Kurs*

På kurssida har Vestlandske Teatersenter litt nedgong når det gjeld antal deltakarar på kursa. Antal kurstimar held seg på same nivå som i 2006. Det er viktig at kurstilboda er varierte, og det er interessant å sjå at mange av kursa blir til etter kontakt frå oppdragsgjevar, samtalar med kursinstruktørar hjå VT og fram til endeleg kursresultat. Teaterkurs for psykisk utviklingshemma var eit prøveprosjekt for 2007, noko som var så vellukka at dette held fram i 2008. Det har vore halde kurs for menneske med psykiske helseplager, og skolar bestiller kurs som varer gjennom vår og-/eller haustsemester. Variasjonen i kursdeltakarane sine utgangspunkt for deltaking på teaterkurs, gjer det til ei positiv utfordring for våre kursinstruktørar når det gjeld førearbeid og tilrettelegging for kursplanlegging.

#### *Oppdragsverksemd*

Oppdragsverksemda er eit anna felt verd å nemne. Denne delen innbefattar til dømes skriving av manus til ein teaterproduksjon og undervisningsopplegg til bruk i skolane. Fleire av teaterproduksjonane reiser på turné rundt om på skolar. Framsyninga tek ofte opp aktuelle problemstillingar i samfunnet, og undervisningsopplegg til bruk i klassane før eller etter at elevane har sett framsyninga er difor ein viktig del av totalkonseptet. I slike tilfelle vert alt skrive og produsert på VT, til dømes "Sarah med J", og "Oss brødre imellom", begge med manus og undervisningsopplegg.

Vestlandske Teatersenter står difor for eit total tilbod til oppdragsgjevare som er særskilt viktig frå teaterkurs til instruksjon, frå manus til undervisningsopplegg.

### **Teaterskole**

I 2007 var det 149 elevar på teaterskolen for barn og unge. Det er viktig at teaterskolen både kan tilby ein god undervisningsplan, som gjer elevane kjende med ulike side av teaterverksemda som til dømes formidling av tekst og sceneuttrykk, og medverknad i arbeidet fram mot eit manus frå første idéfase til ferdig teaterstykke. Samlede elevar får i løpet av eit

år vere med i ein teaterproduksjon. Dei minste viser ofte sine på black-box scena i VT sine lokale, dei større elevane får ofte moglegheiten til å vise sine stykke på eksterne scenar. I tillegg til dette fekk også mange av elevane moglegheiten til å vere med i større produksjonar gjennom året, til dømes: "Oss brødre imellom", "Visne hender", "Hvem har tatt min venstre sko?", "Bilder frå Bjørgvin", "Dylan - Jeg er ikke her" og opningsforestillinga til teaterfestivalen.

### **Medlemmar og medlemsservice**

Antal medlemmar ligg på same nivå som i 2006; 159 enkelpersonar og 43 lag/organisasjonar. Mykje av arbeidet som rettar seg inn mot medlemmane går føre seg på telefonen: rettleiing av moglegheiter for å søke tilskott, hjelpe til å finne manus til teaterproduksjon for å nemne noko. I tillegg vert det formidla kursinstruktørar, det vert distribuert elektroniske nyheitsbrev som informerer om festivalar, kurs m.m. Medlemmane nytter også i stor grad tilbodet om gratis lån av teknisk utstyr, scenemodular og øvingslokale.

### **Økonomi**

VT har i 2007 eit overskot på kr. 126 942,- og nådde dermed føresetnaden om å satsa på mindre økonomisk ressurskrevjande aktivitet enn året før. Det var likevel viktig for organisasjonen å visa bredda i aktivitetane i jubileumsåret, noko som blei gjort på ein særstiltfredstillande måte og innanfor gitte rammer.

### **Vidare drift**

Føresetnaden for vidare drift er til stades og lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen.

### **Utfordringar**

Vestlandske Teatersenter har over mange år vist god evne til å rette seg inn mot nye og spennande satsingsfelt for å halde følgje med utviklinga i teaterlandskapet. Organisasjonen syner godt igjen både i det lokale teaterlandskapet, men gjennom satsinga på teaterfestivalen Mini Midi Maxi også i landet forøvrig og etter kvart også utanfor landegrensene. Dei økonomiske rammene har derimot ikkje hatt ei auke som står i samsvar med aktivitetane, pris og lønsvekst dei seinare åra. Styret ser det difor som særstilt viktig å jobbe for å auke løyvingane frå det offentlege. Det er også viktig at dei tilsette i større grad får moglegheit til å delta på nasjonale og internasjonale teaterfestivalar og konferansar for å auke eiga teaterfagleg kompetanse, hente inspirasjon og drive viktig nettverksbygging med tanke på engasjement til Teaterfestivalen Mini Midi Maxi.

### **Møteverksemd**

Det vart halde 7 styremøte samt årsmøte i 2007.

### **Arbeidsmiljø**


Det var ei korttidssjukemelding i 2007. Det har ikkje vore ulukker med personskader. Arbeidsmiljøet har vore godt med mange inspirerande oppgåver for samtlege. Det blei vedteke på styremøte å innføre medarbeidarsamtalar for dei tilsette i løpet av 2007. 2 vart gjennomført innan utgangangen av året, medan 3 måtte utsetjast til 2008. Det er fast tilsett 1 mann og 4 kvinner i organisasjonen. Styret består av 4 menn og 2 kvinner.

**Ytre miljø**


Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre miljø.

Styret takkar dei tilsette, samarbeidspartnerar, Kultur- og kyrkjedepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune for godt samarbeid.

Bergen, 25/2 - 2008




Chris Tvedt  
Styreleiar



Camilla Svingen  
Nestleiar




Mette Gjerde  
Styremedlem



Ane Lyngbø  
Styremedlem



Hans Petter Svege  
Styremedlem



Alf Helge Greaker  
Styremedlem

# VESTLANDSKE TEATERSENTER

---

## Resultatrekneskap

	Note	2007	2006
<b>Driftsinntekter</b>			
Tilskot	2	3 109 226	3 111 367
Andre inntekter		<u>2 652 353</u>	<u>2 088 444</u>
Sum driftsinntekter		<u>5 761 579</u>	<u>5 199 811</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønskostnad	4,5	2 510 649	2 665 195
Avskriving	6	101 785	106 923
Andre driftskostnader		<u>3 031 541</u>	<u>2 940 233</u>
Sum driftskostnader		<u>5 643 975</u>	<u>5 712 351</u>
<b>Driftsresultat</b>		<u>117 604</u>	<u>-512 540</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annan renteinntekt		9 733	8 745
Annan finansinntekt		346	126
Annan rentekostnad		<u>741</u>	<u>101</u>
Netto finansinntekter		<u>9 338</u>	<u>8 770</u>
<b>Årsresultat</b>		<u>126 942</u>	<u>-503 770</u>
<b>Overføringer:</b>			
Overført til/frå annan eigenkapital		<u>126 942</u>	<u>-503 770</u>

# VESTLANDSKE TEATERSENTER

---

## Balanse pr. 31. desember

	Note	2007	2006
<b>Anleggsmidlar</b>			
<i>Varige driftsmidlar</i>			
Inventar, verktøy, kontormaskinar ol	6	<u>222 864</u>	<u>324 649</u>
<i>Finansielle eigendelar</i>			
Investering i aksjar		1 000	1 000
Andre fordringar		<u>5 000</u>	<u>5 000</u>
Sum finansielle eigendelar		<u>6 000</u>	<u>6 000</u>
Sum anleggsmidlar		<u>228 864</u>	<u>330 649</u>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		20 694	30 520
Andre fordringar		<u>10 003</u>	<u>80 001</u>
Sum fordringar		<u>30 697</u>	<u>110 521</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	3	<u>759 766</u>	<u>586 430</u>
Sum omløpsmidlar		<u>790 463</u>	<u>696 951</u>
<b>Sum egedelar</b>		<u>1 019 327</u>	<u>1 027 600</u>

# VESTLANDSKE TEATERSENTER

## Balanse pr. 31. desember

Note	2007	2006
------	------	------

### Eigenkapital

*Opptent eigenkapital*

Eigenkapital	<u>387 647</u>	<u>260 705</u>
--------------	----------------	----------------

### Gjeld


*Kortsiktig gjeld*


Leverandørgjeld	51 841	106 210
Skuldig offentlege avgifter	178 885	243 574
Annan kortsiktig gjeld	<u>400 954</u>	<u>417 111</u>
Sum kortsiktig gjeld	<u>631 680</u>	<u>766 895</u>

Sum eigenkapital og gjeld	<u>1 019 327</u>	<u>1 027 600</u>
---------------------------	------------------	------------------


31. desember 2007


25. februar 2008


  
Chris Tvedt  
Styreleiar


  
Camilla Svingen  
Nestleiar

  
Mette Gjerde  
Styremedlem

  
Arne Lyngbø  
Styremedlem

  
Hans Petter Svege  
Styremedlem

  
Alf Helge Greaker  
Styremedlem

  
Frøydis Otre  
Administrativ leiar

## VESTLANDSKE TEATERSENTER

---

### Notar til rekneskapen for 2007

#### Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

##### *Inntekter*

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

##### *Klassifisering og vurdering av balansepostar*

Anleggsmidlar er egedelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidlar blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfatter postar som forfell til betaling innan eitt år samt postar som knyter seg til varekrinslaupet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar blir vurdert til laveste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

##### *Fordringar*

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende.

##### *Varige driftsmidlar*

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrivne over driftmiddelet si økonomiske levetid, dersom det har levetid over 3 år. Vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsførte løpende, medan påkostninga blir tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrivne over resterande økonomisk levetid.

#### Note 2 – Tilskot

	2007	2006
Norsk Teaterråd	985 694	1 151 367
Kultur- og kirkedepartementet	1 038 000	1 000 000
Bergen Kommune	665 000	740 000
Hordaland Fylkeskommune	403 000	220 000
Fond for utøvende artister	<u>17 532</u>	<u>0</u>
Sum	<u>3 109 226</u>	<u>3 111 367</u>

#### Note 3 - Bundne bankmidlar

Av inneståande på bankkonti 31.12. er kr 95 580,- bundne som tryggleik for skattetrekksmidlar.

# VESTLANDSKE TEATERSENTER

---

## Notar til rekneskapen for 2007

### Note 4 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

<i>Lønskostnader</i>	<b>2007</b>	<b>2006</b>
Løn	2 165 005	2 315 201
Folketrygdavgift	317 141	328 699
Pensjonskostnader	27 302	18 464
Andre ytingar	1 200	2 831
<b>Sum</b>	<b>2 510 648</b>	<b>2 665 195</b>
Gjennomsnittleg tal på tilsette	5	6

<i>Godtgjersler</i>	<b>Løn</b>	<b>Andre godtgjersler</b>
Dagleg leiar	369 859	0
Styret	0	25 000

### *Revisor*

Revisjonshonorar utgjer 23 125. I tillegg kjem andre tenester med 11 250. Alle beløp er inklusiv mva.

### Note 5 - Pensjonskostnader

Vestlandske Teatersenter er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Oppretta pensjonsordning er i samsvar med krava i denne lova.

Selskapet har oppretta innskotsplan. Innskotsplanen omfattar heiltidstilsette og utgjer 2% av løn. Pr. 31.12.2007 var det 5 medlemmar i ordninga.

Kostnadsført innskot utgjorde kr 27 302.

### Note 6 - Varige driftsmidlar

	<b>Inventar, verktøy, kontormaskiner osv</b>
Kostpris 01.01.2007	<b>557 414</b>
Akk. avskr./nedskr. 01.01.2007	232 765
Akk. avskrivingar 31.12.2007	<b>334 550</b>
Bokført verdi 31.12.2007	<b>222 864</b>
Avskriving i året	101 785
Økonomisk levetid	3-5 år
Avskrivningsplan	Lineær

Til årsmøtet i Vestlandske Teatersenter

Medlemmer av Den norske Revisorforening

## Revisjonsmelding for 2007

Vi har revidert årsrekneskapen for Vestlandske Teatersenter for rekneskapsåret 2007, som syner eit årsoverskot på kr 126 942 . Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskot. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Norge er nytta ved utarbeidingsa av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekte av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlige rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og interne kontrollsystemer i selskapet. Vi meiner at revisjon vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapets rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og om forslaget til bruk av overskot er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Bergen, 11. mars 2008  
ERNST & YOUNG AS




Frank Eithun Helland  
statsautorisert revisor

Vestlandske Teatersenter presenterer\*

# OSS BRODRE IMELLOM

av Steinar Thorsen



et teaterstykke om barn i krig

Regi\* Gard Frostad Knudstad Scenografi\* Nina Bjørnstad Kostymer\* Marte Synnevåg

Sogndal Folkehøgskole\* 24. sept kl 10.00 & 13.00

Lærdal Kulturhus\* 25. sept kl 13.00

Studio USF Bergen\* 25. & 26. økt kl 10.00 & 12.00

27. & 28. økt kl 18.00

I samarbeid med Redd Barna og FN Sambandet Vest

## Styret, valnemd og revisor

Styreleiar	Chris Tvedt	Einskild medlem
Styremedlem	Mette Gjerde	Medlemsorganisasjonar
Styremedlem	Arne Lyngbø	Foreldrerepresentant
Styremedlem	Hans Petter Svege	oppnemnt av Bergen kommune for
Styremedlem	Alf Helge Geaker	perioden 2004 - 2007
Styremedlem	Camilla Svingen	Tilsette VT

### Vararepresentantar:

Kari Hop Skiftesvik  
Egon Askvik  
Anita Berge  
Frøydis Flotve

vara for Alf Helge Greaker  
vara for Arne Lyngbø og Mette Gjerde  
vara for Hans Petter Svege  
vara for Camilla Svingen

### Valnemd:

Margareth Hosøy, Stigespillerne  
Grete Stemre, Foreldrerepresentant  
Kari Mjaaland Heggstad, Høgskolen i Bergen, Dramaseksjonen

### Revisor:

Ernst & Young

### Tilsette

Kunstnarleg leiar	Steinar Thorsen
Administrativ leiar	Frøydis Otre
Teaterpedagog, undervisningskoordinator Teaterskolen	Frøydis Flotve
Teaterpedagog, kurs- og medlemskoordinator	Camilla Svingen
Teaterpedagog, DRAMAS	Kristin Salkjelvik
Kontormedarbeidar, lyd-/lys teknikar fram til juni 2007	Øyvind Greve

## Frilansarar og timelærarar 2007

Namn	Engasjement
Margareth Hosøy	Timelærar teaterskolen, skodespelar i "Dill & Diger"
Kate Elin Lid	Timelærar teaterskolen, kursinstruktør
Nina Hera Bjørnstad	Scenografi "Oss brødre imellom"
Lars Voss Sørhus	Kurshaldar / instruktør
Tormod Løvold	Skodespelar "Sarah med J"
Julie Gjørtz Howden	Skodespelar "Sarah med J" og "Hvem har tatt min venstre sko?"
Edvin Østvik	Musikar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Helene Halleland	Musikar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Bengt Florvåg	Musikar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Helge Jordal	Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?" og "Rødt Lys"
Wenche Kvamme	Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Trond Høvik	Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Rolf Olsen	Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?"
Tor Halvor Halvorsen	Skodespelar "Hvem har tatt min venstre sko?" og "Rødt Lys"
Marte Synnevåg	Kostyme
Tor Martin Eriksen	Lyd-/lys teknikar
Jan Holden	Lyd-/lys teknikar
Sigurd Aae Klausen	Skodespelar "Visne hender" og "Nansen og Hamsun"
Jarle Solheim	Skodespelar "Visne hender" og "Nansen og Hamsun"
Asbjørn Sundal	Skodespelar "Visne hender"
Jeanette Magnussen Kjær	Skodespelar "Visne hender"
Yngve Seterås	Skodespelar "Visne hender"
Grethe Mikaelsen	Skodespelar "Visne hender"
Teachery Gafuku	Skodespelar / DJ "Rødt Lys"
Åslaug Magnusson	Skodespelar "Rødt Lys" og "RV 555"
Susann B. Kambestad	Skodespelar "RV 555"
Christopher Birknes	Skodespelar "RV 555"
Preben Hodneland	Skodespelar "RV 555"
Siri A. Kristensen	Kurshaldar
Lars Sveinung Lid	Musikar "Dill & Diger" og "Dylan - Jeg er ikke her"
Eirik Sælen Jørstad	Musikar "Dylan - Jeg er ikke her"
Jan Tore Nesse	Musikar "Dylan - Jeg er ikke her"
Tarjei Vatne	Musikar "Dylan - Jeg er ikke her", komponert musikk til "Oss brødre imellom", "Rødt Lys" og "RV 555"



*"Hvem har tatt min venstre sko?"*

## Aktivitetar 2007

I 2007 feira Vestlandske Teatersenter 40-års jubileum og det var eit ønskje å markera jubileet gjennom dei kunstnarlege aktivitetane. Vi er glade for at vi i fleire av framsyningane våre kunne gje rom for elevar frå teaterskolen blant anna. Viktige oppdragsgjevarar og samarbeidspartnarar som Redd Barna, FN-Sambandet, Norsjøfartsmuseet og Statens vegvesen har gitt oss moglegheit til å jobba fram "tingingsverk" som "Oss brødre i mellom", "Sarah med J" og "RV 555".

### "Oss brødre imellom", barn og krig

- Dei siste ti åra er meir enn to millionar barn døydde som følgje av krigar.
- Seks millionar er blitt skada eller funksjonshemma.
- Over ein million barn er blitt foreldrelause, eller har mista kontakten med foreldra.
- 20 millionar barn er blitt tvungne til å forlate heimane sine.
- 300.000 barn under 18 år er involverte i dei nesten 40 væpna konfliktar som pågår i verda.

Desse tala seier det meste. Redd Barna kontakta VT med ønskje om at det skulle lagast ei framsyning med barnesoldatar som hovudtema. Kunstnarleg leiar Steinar Thorsen skreiv manus, 13 barn frå teaterskolen i alderen 13 - 19 år jobba seg fram til ei teaterframsyning som har blitt vist for skolebarn både på Vestlandet og Austlandet, og vert avslutta med framsyninga på Vinterlysfestivalen i Nord Norge i februar 2008. Vi er stolte av våre unge skodespelarar! Det vart òg utarbeidd eit undervisningsopplegg til framsyninga.

### "Visne hender"

"Visne hender" er ei teaterframsyning der fiksjon, historie, draum og røyndom møtest. Framsyninga er basert på Dr. Armauer Hansen si oppdaging av leprabasillen i 1873 og dommen han fekk i 1880 då han gjorde eit omdiskutert forsøk på ein av pasientane sine. Satsing på ny norsk dramatikk har i heile VT si 40 år lange levetid vore og skal framleis vere viktig satsing. Samarbeidsprosjektet med ProScenia vart difor ein riktig måte å markere 40-års jubileet til Vestlandske Teatersenter.

### "Hvem har tatt min venstre sko?"

6. juni var det igjen tid for vandreteater i Gamle Bergen Museum. Den populære framsyninga som tek publikum med til Bergen anno 1860 blei vist for tredje gong. Verd å nemne i ei Årsmelding frå Bergen er at samtlege 10 framsyningar vart vist i strålende solskin. Det kan vere eit risikabelt prosjekt å satse på framsyninga ute i denne byen, men rammene som Gamle Bergen Museum tilbyr for ei slik framsyning veg opp for moglege regnbygger. Det var tydeleg at dette er noko også publikum meiner. Av vaksne profesjonelle skodespelarar hadde vi denne gongen glede av å ha med oss Helge Jordal, Trond Høvik, Wenche Kvamme og Julie Gjørtz Howden. I tillegg bidrog 3 vaksne amatørskodespelarar, 3 musikantar og 18 barn frå teaterskolen.

### "Sarah med J"

Framsyninga er eit tingingverk frå Norsjøfartsmuseet i Televåg. Framsyninga vart vist i samband med Holocaustdagene i januar for skoleelevar i 6. klasse på Sotra, og fann stad på museet. Manus og undervisningsopplegg er utarbeida av teaterpedagog Kristin Saltkjelvik. Framsyninga følger Sarah gjennom hennar opplevelingar som ei ung jødejente som må forlate både heim og eigedomar under 2. verdskrig. Elevane blir dregne med i framsyninga som deltagarar på auksjon frå Sarah sin heim.

### **"Teaterfestivalen Mini Midi Maxi"**

Det vert produsert mykje godt teater for barn og unge, lokalt i Bergen, i landet elles og internasjonalt. Dette ønskjer Vestlandske Teatersenter og vera ein formidlar av. Vi ser det som særskilt viktig at barn og unge, saman med barnehagen, skolen eller foreldra får moglegheit til å sjå teater for deira alderstrinn. Framsyningar som nokre gonger er heilt annleis enn det dei har sett før, andre gonger med tema som er kjende. Det tar tid å etablera ein slik festival, men vi ser no ein klar framgang når det gjeld publikumsoppslutnaden, noko som er særskilt gledeleg. Gjennom seminar tek vi opp aktuelle kulturpolitiske saker, gjennom workshop kan festivaldeltakarar forhåpentlegvis tileigna seg ny og inspirerande kunnskap. I nokre intense haustdagar kan teaterpublikum og festivaldeltakarane plukke av eit breidt tilbod av framsyningar.

Årets festival kunne presentere framsyningar frå Norge, England, Russland, Sverige, Danmark og Tyskland.

### **"Dill & Diger"**

Hausten 2005 var vi så heldige å få moglegheit til å jobbe med den amerikanske klovnen Peter Daniel Straus som gjestespelte ved Den Nasjonale Scene i Bergen. Vi utvikla ei heilt spesiell og annleis klovneframstilling som også i 2007 gleda mange barn. Først med framsyningar på Vestlandske Teatersenter, så med gjestespel på opplevingsdagane i Moster Amfi, Bømlo. På bakgrunn av Peter Daniel Straus sine anbefalingar og framvising av filmopptak frå framstillinga fekk vi invitasjon til å delta på New York Internasjonal Clown Theatre Festival, som er ein stor, relativt ny festival i eit lite teater i Brooklyn. Her møtest klovnekunstnarar og instruktørar frå heile verda kvart år. "Dill & Diger" hadde to framsyningar på festivalen. "Dill & Diger" avslutta med 2 framsyningar på laurdagsteateret på Ole Bull Scene i Bergen om hausten.

### **"Rødt Lys"**

Trafikkopplæringsframsyninga "Rødt Lys" blei første gong vist i 2006. Framsyninga tek for seg dei enklaste trafikkreglane og er eit tilbod til barn i alderen 6 - 10 år. Framsyninga fekk strålende kritikkar då den hadde premiere. I 2006 var den i samarbeid med DKS Bergen kommune tilbydd gratis til alle småskolane i Bergen. Våren 2007 vart framsyninga i samarbeid med DKS Hordaland fylkeskommune sendt på turné til Odda og Stord med totalt 10 framsyningar. "Rødt Lys" avslutta med 2 framsyningar på laurdagsteateret på Ole Bull Scene i Bergen om hausten.

### **"Bilder frå Bjørgvin"**

Like sikkert som Festspillene i Bergen er Barnas Festspilldag og også i 2007 gjennomførte Vestlandske Teatersenter framsyninga / dramaopplegget "Bilder fra Bjørgvin". Framsyninga tar utgangspunkt i mellomalderbryllaupet som verkeleg gjekk føre seg i Bergen på 1200-talet. Magnus Lagabøte døydde, og hans son, prins Eirik på 13 år måtte gifte seg med den skotske prinsesse Margareta. Bryllaupsfesten vart halden i Håkonshallen.

175 barnehagebarn og 37 voksne dansa, song, spelte og gjenskapa mellomalderen i Bergen på Torgallmenningen. I september blei framsyninga vist under Bergenshusdagane på Bergenshus festning, denne gongen med 64 barn frå teaterskolen.

### **"Dylan - Jeg er ikke her", ei musikalsk teaterframsyning der ungdom framfører Bob Dylan sine songar**

Teaterframsyninga hadde premiere i 2006 og var ei framsyning som blei til i samband med ekstratilbodet på Teaterskolen "Teater Extra". "Teater Extra" er eit årleg tilbod til dei av

elevane på Teaterskolen som ønskjer å vere med på noko utover ordinær undervisning på skolen og gjennom dette gå djupare inn i teaterverda. Gruppa jobbar med ny dramatikk, saman med profesjonelle fagfolk. "Dylan - Jeg er ikke her" var gruppa si framsyning i 2006 og blei avslutta våren 2007 med siste framsyning under Barne- og ungdomsteaterfestivalen på Stord.

#### **"RV 555"**

*"Etterpå er alt for sent. Etterpå står en blå bil på tvers over veien og en skrikende kvinne tar hånden fra munnen og hånden blør. Etterpå åpner en mann en bildør og forsøker å stå på beina enda han har et hull av redsel inni seg. Etterpå ligger noen hvite sukkerbiter meningsløst strødd ut i blod og grus og et barn ligger ubevegelig på magen med ansiktet hardt presset mot veien. Etterpå kommer to bleke mennesker som ennå ikke har fått drukket kaffen springende ut gjennom en port og ser et syn på veien som de aldri skal glemme. For det er ikke sant at tiden leger alle sår. Tiden leger ikke et drept barns sår og den leger dårlig smerten hos en mor som har glemt å kjøpe sukkerbiter og sender sitt barn over veien for å låne, og like lite leger den angstens hos en tidligere lykkelig mann som har drept barnet. "*

utdrag frå novellen "Å drepe et barn" av Stig Dagermann.

"RV 555" er eit trafikkopplæringsstykke i samarbeid med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Framsyninga er eit ledd i fylkeskommunen sitt haldningsskapande prosjekt retta mot ungdom med tematikken "ungdom og villmannskjøring". Ungdom i alderen 15 til 19 år er særst utsett i trafikken. Berre i Hordaland blir 20 ungdommar drepne eller alvorleg skadde i trafikkulukker kvart år. Kvart år kjem nye kull med ungdommar i alderen 15 til 19 år og difor er denne framsyninga så viktig. Ungdom spelar for ungdom. 4 skodespelarar i alderen 19 - 25 spelar for ungdom i vidaregåande skolar. Kvar vår og haust reiser framsyninga på turnè i 14 dagar til skolane i Hordaland.


#### **Teaterskolen sine framsyningars**

I tillegg til at mange av elevane på Teaterskolen var med i produksjonar nemnde over, hadde dei òg eigne. Totalt 11 ulike. Nokre manus utviklar barna sjølv, andre gonger jobbar dei med ferdige manus. I 2007 var 149 barn i alderen 6 - 19 år elevar ved Teaterskolen for barn og unge. Teaterskolen arbeider produksjonsretta, men prosessen er ein viktig del av undervisninga. Vi set ikkje opp kommersielle teaterframsyningars, men ser det som viktig at elevane blir utfordra på eigen tekstproduksjon og får opplæring i formidling av tekst og sceneuttrykk. Improvisasjon, samarbeid og tryggleik er viktige element for eit kreativt miljø på Teaterskolen.


## Teaterfestivalen Mini Midi Maxi




Mali Theatre; "Price and daughter of the giant"




Green Ginger: "Rust"



Junges Ensemble Stuttgart: "Minor matters"



Lasse Åkerlund: "MacBeth"



Tali Razga "Indkast"

## Teaterframstyringar 2007


Tal teaterproduksjonar  VT sin eigenaktivitet i 2007, namn på produksjonane	*Tal aktørar/deltakarar		Tal framsyningar	Publikumstal
	Barn og unge	Vaksne Over 26 år		
"Oss brødre imellom"	13		11	1290
"Visne hender"	8	10	7	1280
"Hvem har tatt min venstre sko?"	18	8	10	1112
"Sarah med J"		3	16	700
"RV 555"		4	32	2399
"Dill & Diger"		3	14	1164
"Dylan - Jeg er ikke her"	13		1	400
"Rødt Lys"		5	12	2755
"Bilder fra Bjørgvin"	239	37	2	1150
"Fusk"	13		3	100
"Milkwood"	26		1	130
"Pizza, krutt og krapyl"	14		1	56
"Barnepolitiet"	14		1	45
"007 - Jubileumsrevy"	20		2	740
"Julegleder"	20		1	400
"Tango for tre"	14		1	48
"En helt voksen-vanlig hverdag"	14		1	48
"Farvel"	14		1	60
"Eventyrmix"	14		1	44
"Ung+dum"	13		2	76
"Isprins"	14		1	250
"Nisser"	14		2	100
Teaterfestivalen Mini Midi Maxi: * "Festivalåpning" * "Fyrtøyet" * "RV 555" * "Polyfonia" * "Jorda rundt på 80 dager" * "Macbeth" * "Indkast" * "Pomperipossa" * "Se min kjole" * "Prince and daughter of the giant" * "Minor Matters" * "Storklas och Lillklas" * "Dill & Diger" * "Rust" * "Fritjof Fomlesen" * "Östanom Sol, Västanom måne" * "Hyperlink"	58	40	36	3225
"Nansen og Hamsun"		2	2	750
<b>Sum</b>	<b>553</b>	<b>112</b>	<b>161</b>	<b>18322</b>

## Kurs og oppdragsverksemd i 2007

Vestlandske Teatersenter skal tilby eit breidt spekter av teaterkurs noko vi også gjer. Det er interessant å sjå at dei som nyttar moglegheten minst er medlemsorganisasjonane. Samanlikna med 2006 var det ein nedgang i antal kursdeltakrar i 2007, antal kurstimar heldt seg på same nivå.

Svært gledeleg er det at VT har fått igangsett ein satsing på nye grupper. Det vart i løpet av året halde kurs både for psykisk utviklingshemma og personar med psykiske helseplager.

På oppdragssida er det inspirerande å bli engasjert i heile prosessen av ei ny teaterframsyning: Skriving av manus / instruksjon / sjølve framsyninga / turnè.



## Gjennomførte kurs / oppdragsverksemd i 2007

Kurstema/tittel	Stad	Dato	Tal deltakarar	Tal timar
Sminkekurs	Fana folkehøgskole	25.jan.	13	3
Bokformidling	Fylkesbiblioteket	14.febr.	35	5,5
Teatersport	Vestlandske Teatersenter	10. og 11.febr.	13	12
Bilder fra Bjørgvin	Vestlandske Teatersenter	9.-12.febr.	13	12
Skodespelarteknikk	Vestlandske Teatersenter	13.juni	10	3
Sminkekurs	Ulsmåg skole	5. og 7. juni	16	6
Undervisningsopplegg til Freddie Robins utstilling	Kunstindustrimuseet	5.okt. og 18. nov.	5	6
Lysteknikk	Austrheim	des.	1	8
Skodespelarteknikk og instruksjon	Fjell kulturskole	mars	150	34,5
Dramaforløp	Sunnfjord Museum	20. - 22.mars	18	12
Lag revy	Skranevatnet skole	våren	20	40
Frå Idè til forestilling	Skranevatnet skole	hausten	20	29
Teaterkurs for psykisk utv.hemma	Tirsdagklubben, Slettebakken skole	hausten	30	4,5
Skuespillerteknikk	Bergen kunstlopførening	våren	16	16
Teaterkurs	Slettebakken skole	hausten	15	6
Skodespelarteknikk	Fredheim kurs- og aktivitetshus	hausten	6	16
Grunnkurs musikkteater	Apeltunhallen	10.mai	20	4
Gr.1, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	14	36
Gr.2, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	14	38
Gr.3, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	14	56
Gr.4, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	14	56
Gr.5, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	14	54
Gr.6, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	13	60
Gr.7, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	13	58
Gr.8, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	14	60
Gr.9, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Vår / haust	14	84
Gr.10, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	vår / haust	14	96
Teater Extra, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	Mars	13	15
Teater Extra, Teaterskolen	Vestlandske Teatersenter	mars - nov.	11	78
Debatt om Den Kulturelle Skolesekken	Logen Teater	1. nov.	21	3
Workshop: Russian psychological theatre	DNS	2. nov	14	3
Workshop: Toast in the machine	Logen Teater	2. nov.	20	3
Workshop: Kunst i spill	Barnas Hus	2. nov.	10	3
Hjem er barnet	Logen Teater	3. nov.	13	2
<b>Sum</b>			<b>641</b>	<b>924</b>

## Medlemsorganisasjonar

I 2007 var det registrert 159 enkelpersonar og 43 lag/organisasjonar hos VT:

Aldateateret, Bergen	Bergen Prosjekt Teater, Bergen
Arna Musikkteater, Ytre Arna	Askøyteateret, Askøy
Austrheim frilynte ungdomslag, Austrheim	Barneteateret Syltetøys, Haus
Bergen Byspill, Bergen	Bygstad Ungdomslag, Bygstad
Fitjar Teaterlag, Fitjar	Fjell kulturskule, Straume
Fyllingsdalen vgs., Bergen	Voss folkehøgskule, Voss
Fedje teaterlag, Fedje	Førderevyen, Førde
Glesnes teaterlag, Glesvær	Haugesund Mållag og ungdomslag, Haugesund
Høgskolen i Bergen, Dramaseksjonen, Bergen	Kaos Teater v/ U.L.Stølen, Rong
Krabatene, Brattholmen	Kvam Revyteater, Øystese
Linland Ungdomslag, Teatergruppen, Bergen	Lindås ungdomslag, Lindås
Mjeldalen Ungdomslag, Haus	Os Bygdakunstlag, Hagavik
Øygarden Teaterlag, Ågotnes	Postens Revygruppe, Bergen
Radøy Teaterlag, Sletta	SFO - Haukeland skole, Bergen
Solund ungdomslag, Hardbakke	Sotra Teaterlag, Sotra
Stigespillerne, Bergen	Studentteateret Immaturus, Bergen
Søre Neset Ungdomslag, Os	TAF Teater, Dalekvam
Kompani Krap..(p), Bergen	Tormod Carlsen, Fykse skule, Steinstø
Teaterkompaniet Proscenia, Bergen	Tørrvikbygd Ungdomslag, Tørrvikbygd
UL Heimhug, Revygruppa, Hjelmås	UL Nybrot, Vågseidet
Utne Grannalag, Utne	Viksdalen Ungdomslag, Viksdal
Drama og teaterskolen, Florø	

Kvart år rettar vi førespurnad til våre medlemsorganisasjonar der vi ber om tal som seier noko om aktivitetane gjennom året. Responsen er sterkt varierande, og difor er det spesielt gledeleg med dei som tek seg tid til å svare. Ei stor takk til dei. I 2007 sende 24 medlemsorganisasjonar inn informasjon, av desse melde 3 lag om - ingen aktivitet - gjennom året. Tala vi kan presentere nedanfor er difor innrapportering frå 21 medlemsorganisasjonar, og desse viser ein aktivitet som er særslig gledeleg og som fortel noko om teatergleda og interessa både i distrikt og by.

Samla sto 21 teaterlag /organisasjonar for:

Tal produksjonar	Tal framsyningar	Tal deltagarar			Tal publikum
		0-13 år	14-25 år	Over 25 år	
40	416	136	188	186	48156

Som medlem hos Vestlandske Teatersenter nytte medlemsorganisasjonane blant anna av følgjande medlemsfordeler:

Gratis utlån av kostyme, øvingslokale, black-box scene, teknisk utstyr lyd/lys, scenemodular og fagbøker. Rabatt på instruktørhjelp.

Medlemskontingent i 2007:


Enkeltmedlem kr. 200,-

Lag / organisasjonar kr. 500,-

## Teaterskolen



Teater Ung; 15 - 20 år




gr. 9; 15 - 20 år



gr. 8; 10 - 14 år



gr. 7; 10 - 14 år




gr. 6; 10 - 14 år




gr. 5; 10 - 14 år



gr. 4; 10 - 14 år



gr. 3; 10 - 14 år



gr. 2; 6 - 10 år



gr. I; 6 - 10 år

"Der hvor det er barn, der er den gylne tid"

- Novalis-

## Vedtekter

Vestlandske Teatersenter, revidert 3. mai 2007

### §1 Formål

- a) Vestlandske Teatersenter (heretter forkorta til VT) skal vere eit kompetanse og opplæringssenter for teater, med særskilt ansvar for barn og unge.
- b) VT skal auke kunnskapen om teater og drama gjennom kurs og utdanningstilbod.
- c) VT skal arbeide for god scenekunst og fremje ny norsk dramatikk.
- d) VT har ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.
- e) VT med sete i Bergen skal ha sine hovudaktivitetar i Hordaland og på Vestlandet. På område der ein har særskilt kompetanse skal VT ha heile landet som verkefelt.

### § 2 Medlemskap

- a) VT er ein frivillig organisasjon der einskildpersonar, lag og organisasjonar kan vere medlemmar.
- b) Elevar på Teaterskolen blir automatisk medlemmar hos VT.

### § 3 Årsmøtet

- a) Årsmøtet er høgaste organet i VT
- b) Innkalling til årsmøtet skal kungjeraast til medlemmane seinast 60 dagar før møtet vert gjennomført. Årsmøtet skal haldast innan 15. mars kvart år og dato fastsetjast av styret seinast siste styremøte føregåande år. Framlegg frå medlemmane til saker som skal opp på årsmøtet må vere innsendt til administrasjonen/styret 30 dagar før årsmøtet. Sakspapir skal sendast ut seinast 14 dagar før årsmøtet.
- c) Årsmøtet kan berre handsame dei sakene som er nemnt i innkallinga.
- d) Følgjande saker skal handsamast på eit ordinært årsmøte:
  - Årsmelding og revidert rekneskap.
  - Fastsetje medlemskontingent for neste år.
  - Handlingsplan og budsjett for neste år.
  - Innkomne sakar
  - Val.
- e) Årsmøtet skal velje:
  - styreleiar for 2 år
  - ein styremedlem og ein vararepresentant blant medlemmane for ein valperiode på 2 år slik at ein styremedlem og vararepresentant står for val ved kvart årsmøte.
  - ein styremedlem med personleg vara som representerer foreldra til elevane på Teaterskolen for ein valperiode på 2 år.
  - tre medlemmar til valnemnda for 1 år
  - revisor for rekneskapen for 1 år
- f) Alle saker på årsmøtet; med unntak av vedtektsendringar, kan avgjerast med enkel majoritet.
- g) Valkomiteen skal innstille på alle styreverv som skal veljast av årsmøtet. Innstilling må vere klar seinast 30 dagar før årsmøtet.
  - Elevar på Teaterskolen under 15 år kan representerast av foreldra/føresette med 1 røyst på årsmøtet. Føresette som representerer sine barn har berre 1 røyst uavhengig av antal barn dei har på Teaterskolen
  - Medlemmane har røysterett på årsmøtet etter føljande nøkkel:

- Einskildpersonar over 15 år, 1 røyst
  - Medlemsorganisasjonar har 2 røyster
- Einskildpersonar kan berre representere seg sjølv, eige barn eller eit lag/organisasjon.

- h) For å ha røysterett må kontingenoten vere innbetalt seinast 30 dagar før årsmøtet.
- i) Styremedlemmar har ikkje røysterett med mindre dei representerer ein organisasjon eller einskildperson.

#### **§ 4 Ekstraordinært årsmøte**

- a) Det skal innkallast til ekstraordinært årsmøte dersom det blir krevd frå: ordinært årsmøte, styret eller minst 1/3 av medlemsorganisasjonane.
- b) Innkallinga skal skje med minst 14 dagars varsel.
- c) Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame dei sakene som er sett opp i innkallinga.

#### **§ 5 Styret sin samansetnad**

- a) Styret er på 6 personar og er samansett slik:
  - Styreleiar og 2 representantar som er valde av eit årsmøte.
  - 1 representant frå foreldra til elevane ved Teaterskolen og som er vald på eit årsmøte.
  - 1 representant peika ut av Bergen kommune.
  - 1 representant peika ut av dei tilsette.
- Ved likt røystetal har styreleiar rett til å nytte dobbelrøyst.
- b) Dei oppnemnde medlemmene frå Bergen kommune og dei tilsette har personleg vararepresentant. Det står fritt for Bergen kommune til å endre på representasjonen når det høver for dei, utan omsyn til årsmøte i VT.
- c) Styremøta er vedtaksføre når minst 4 medlemmar er til stades.
- d) Styret har ansvar for å leie laget i samsvar med vedtekten og dei vedtak årsmøtet gjer.
- e) Styret skal seg imellom velje nestleiar. Styret kan oppnemne eit arbeidsutval, og gje arbeidsutvalet naudsynte fullmakter. Dei tilsette sin representant i styret skal vere med i arbeidsutvalet.

#### **§ 6 Styret sine oppgåver:**

- Styret tilset kunstnarisk leiar og administrativ leiar.
- Styreleiar innkallar til styremøte når styreleiar eller minst 2 medlemmar av styret krev det.
- Styret utarbeider halvårlege møteplanar.

#### **§7 Økonomi, forvalting og revisjon**

- a) Rekneskapen i VT følgjer kalenderåret
- b) Styret har ansvar for at rekneskapen vert bokført etter godkjende prinsipp.

#### **§8 Vedtektsendringar**

- a) Framlegg til endringar i vedtekten må vere styret/administrasjonen i hende seinast 30 dagar før årsmøtet.
- b) Framlegg til endringar i vedtekten skal sendast ut til medlemmane seinast 14 dagar før årsmøtet.
- c) Alle endringar i vedtekten krev 2/3 aktivt fleirtal på eit årsmøte.
- d) Endringane trer i kraft frå det tidspunktet årsmøtet er heva.

## **§9 Oppløysing**

- a) Framlegg om oppløysing av VT krev 2/3 fleirtal på to påfølgjande årsmøte; eitt av desse skal vere ordinært årsmøte.
- b) Dersom det vert gjort gyldig vedtak om oppløysing, skal det oppnemnast eit avviklingsstyre, som i samråd med Bergen kommune og Hordaland Fylkeskommune skal arbeide for at eventuelle midlar som måtte vere til overs vert nytte til beste for kulturtiltak på Vestlandet etter føremålet som VT har arbeidd for.

---000---

